

# *Klimarekneskap 2021*

## *Vinje kommune*



Vedteke i kommunestyret 12.05.2022, sak 37/22




## Innhald

<b>Bakgrunn</b> .....	3
<b>Klimarekneskap for kommunes drift</b> .....	4
<b>Klimafokus 1</b> .....	6
Eigne bilar/maskiner og leasing bilar .....	7
VTDS og Brann og beredskap.....	7
<b>Klimafokus 2</b> .....	7
Elektrisitet.....	8
<b>Klimafokus 3</b> .....	8
Drift av vegar (innleidd).....	9
Tenestereiser.....	9
Areal/naturekneskap .....	9
<b>Diskusjon/oppsummering</b> .....	10
Korleis kan kommunen betre seg? .....	10
Kva kan kommunen gjere for å nå målet med 60 % CO <sub>2</sub> -utslepp innan 2030? .....	11

## Bakgrunn

Noreg har plikta seg til å kutte klimagassutslepp med 50 % innan 2030 samanlikna med 1990. Fylkestinget for Vestfold og Telemark har vedteke at regionen skal kutte 60 % i direkte klimagassutslepp innan 2030 samanlikna med 2009<sup>1</sup>, og vere eit lågutslepp-samfunn innan 2050. For å nå dette målet er det viktig at alle sektorar, både nasjonalt, regionalt og lokalt bidreg. Kommunen har ein sentral rolle i dette arbeidet, av dei nasjonale utsleppa er omtrent 20 % knytt til kommunal verksemd. Kommunen har ein viktig rolle som politisk aktør og lokal samfunnsutviklar, myndesutøvar og innkjøpar, samt eigar og drift av eigne anlegg.

Dagens klimagassutslepp gjev ein peikepinn på kvar framtidige utsleppskutt kan skje. Diagramma under viser utviklinga dei seiste 10 åra, fordela på dei ulike sektorane; *Annan mobil forbreining, Avfall og avløp, Energiforsyning, Industri, olje og gass, Jordbruk, Luftfart, Oppvarming, Sjøfart og Vegtrafikk* (fig. 1). I Vinje kommune er det vegtrafikken med 54 % som er den største utsleppskjelda, vidare kjem jordbruk med 21 %, annan mobil forbreining med 15 %, oppvarming med 7 % og avfall og avløp med %. Det totale utsleppet i Vinje kommune i 2020 er **34 172 tonn CO<sub>2</sub>**, ei auke på 7,8 % frå 2019 til 2020. Det må leggjast til at tala ikkje er justert for opptak av CO<sub>2</sub> i myr, skog, dyrka mark og anna arealbruk. Utsleppet per innbyggjar er omlag 9,3 tonn CO<sub>2</sub>.



**Figur 1.** Oversikt over direkte utslepp i Vinje kommune. Figurane er henta frå den interaktive rapporten til VTFK om klimagassutslepp i regionen basert på utsleppsstatistikk frå miljødirektoratet per 2020.<sup>2</sup>

<sup>1</sup> <https://www.vtfk.no/meny/om-regionen/analyse/klimateg-ressursforvaltning/>

<sup>2</sup> <https://www.vtfk.no/meny/om-regionen/statistikk/klimateg-ressursforvaltning/>

FN's berekraftsmål 17 har som mål å styrke gjennomføringsmidlane og fornye globale partnerskap for bærekraftig utvikling, og FN's berekraftsmål 13 har som mål å stoppe klimaendringane. Kommunen vil følgje utviklinga i klimagassutsleppa, både i samfunnet, og i eigen organisasjon.

I tråd med *Plan for klima og berekraft i Vinje kommune*, vedteke 15.04.21, sak 21/26, skal kommunen årleg føre eit klimarekneskap for eigen verksemd. Administrasjonen er medlem i *Klima og energinettverket* i regi av VTfk<sup>3</sup>, der me blant anna har forplikta oss til å ha miljøleing, samt rapportere klimarekneskap for eigen verksemd til VTfk.



### **Klimarekneskap for kommunes drift**

Klimarekneskap visar per i dag det samla klimagassutsleppet i kommunen i kommunens drift - og dekkjer tenestoområda barnehagar, skular, institusjonar, helsehus, teknisk drift og infrastruktur, kommunehuset, samt brann og beredskap og Vest-Telemark driftssenter knytt til Vinje. Alt av utslepp knytt til forbruk er rekna om til CO<sub>2</sub>-ekvivalentar og visast i kg CO<sub>2</sub>. Summen av alle utsleppa er klimafotavtrykket til kommunen.

Vinje kommune har nytta malen til VTfk basert på GHG-protokollen (Green House Gas Protocol<sup>4</sup>). Scope er bytta ut med *Klimafokus*.

Klimarekneskap er dela inn i tre delar:

- **Klimafokus 1** omfattar alle direkte utslepp som er eigd eller kontrollert av kommunen - oppvarming og fossilt drivstoff frå kommunens egne køyretøy.
- **Klimafokus 2** omfattar indirekte utslepp – kaup av elektrisitet og fjernvarme.
- **Klimafokus 3** er hovudsakleg utslepp frå kollektivtransport og avfallshandtering, bygg og infrastruktur, forbruk av varer og tenestereiser, samt km-godtgjersle.

---

<sup>3</sup> <https://www.vtfk.no/meny/tjenester/klima/klima--og-energinettverk/>

<sup>4</sup> <https://ghgprotocol.org/>

**Tabell 1.** Klimarekneskap for Vinje kommune si drift med skildring, forbruk, eining, faktor for utslepp, utslepp 2021 og 2020, samt % endring frå 2020 fordela på klimafokus 1, 2 og 3.

Vinje kommune		Klimarekneskap 2021					
Energivare	Skildring	Forbruk	Eining	Faktor kg CO <sub>2</sub> / eining	Utslepp 2021	Utslepp 2020	Endring sidan førre år %
<b>Klimafokus 1 (Scope 1):</b>							
<i>Stasjonær forbrenning</i>							
Fyringsolje	Oppvarming bygg	-	liter	2,66	-	-	
Propan	Oppvarming bygg	-	kg	3	-	-	
Biobrensel (flis, pellets)	Oppvarming bygg	-	kWh	0	-	-	
Naturgass	Oppvarming bygg	-	Sm <sup>3</sup>	1,99	-	-	
<i>Egne kjøretøy og maskiner</i>							
Bensin	Egne kjøretøy/maskiner	2 595	liter	2,32	6 020	3 371	78,6 %
Bensin	Egne kjøretøy/maskiner	X	km	0,154	-	-	-
Diesel	Egne kjøretøy/maskiner	20 146	liter	2,66	53 588	47 117	13,7 %
Diesel	Egne kjøretøy/maskiner	X	km	0,111	-	-	-
Anleggsgass	Egne kjøretøy/maskiner	12 508	liter	2,7	33 772	48 138	- 29,8 %
<i>Leasing kjøretøy (totalt 23 stk.)</i>							
Diesel (20 stk.)	Drivstoff-forbruk	31 757	liter	2,66	84 474	67 934	24,3 %
Bensin (3 stk.)	Drivstoff-forbruk	1269	liter	2,32	2 944	1 102	167,2 %
<i>Vest-Telemark driftssenter (VTDS)</i>							
Diesel (3 stk.)	Drivstoff-forbruk	1 058	liter	2,66	2 814	3 445	- 18,3 %
<i>Brann og beredskap</i>							
Bensin	Drivstoff-forbruk	37	liter	2,32	86	251	- 65,7 %
Diesel (7 stk.)	Drivstoff-forbruk	2 524	liter	2,66	6 714	8 767	- 23,4 %
<b>Sum Klimafokus 1:</b>					<b>190 412</b>	<b>180 124</b>	<b>5,7 %</b>
<b>Klimafokus 2 (Scope 2):</b>							
<i>Innkjøpt energi</i>							
Elektrisitet	Samla oppvarming/ljos	12 318 240	kWh	-	12 318 240	11 106 402	10,9 %
Elektrisitet	Oppvarming/ljos bygg	12 109 001	kWh	0,017	205 853	185 318	11,1 %
Elektrisitet	Vegljos	209 237	kWh	0,017	3 557	3 491	1,9 %
Fjernvarme/-kjøling	Oppvarming bygg	-	-	-	-	-	-
<b>Sum Klimafokus 2:</b>					<b>209 410</b>	<b>188 809</b>	<b>10,9 %</b>
<b>Klimafokus 3 (Scope 3):</b>							
<i>Avfall</i>							
Restavfall (Norsk gjenvinning og Renovest)	Næring	112 455	kg	0,57	64 099	38 150	68,0 %
<i>Drift av vegar (innleidd)</i>							
Brøyting og strøyning	Drivstoff-forbruk	3 082	km	0,111	342	714	-52,1 %
<i>Tenestereiser v/reisemåte</i>							
Km-godtgjering bil	Drivstoff-forbruk	264 642	km	0,123	32 551	38 506	-15,5 %
Km-godtgjering elbil	Elektrisitetsforbruk	8 808	km	0	0	0	0 %
Flyreiser Noreg		2	antal	110	220	0	220 000 %*
Flyreiser Europa		7	antal	247	1 726	2219	-22,2 %

Flyreiser Verda	0	antal	991	0	0	0,0 %
<b>Sum Klimafokus 3</b>				<b>98 939</b>	<b>79 589</b>	<b>24,3 %</b>
<b>Sum kg CO<sub>2</sub> ekvivalentar</b>				<b>498 761</b>	<b>448 523</b>	<b>11,2 %</b>

\* Kraftig auke frå 0 i 2020. Prosent endring utgjør ikkje noko på sum klimafokus, og kan såleis sjåast vekk frå i dette tilfelle.



**Figur 2.** Vinje kommune sitt klimafotavtrykk i 2021 for eigen drift er **498,8 tonn CO<sub>2</sub>**, ei auke på 11,2 % frå 2020.

## Klimafokus 1

Omfattar alle direkte utslepp som eigast eller kontrollerast av kommunen, til dømes mineralolje til oppvarming, fossilt drivstoff frå kommunens egne køyretøy.

### Utsnitt av tabell 1 - Klimafokus 1

Vinje kommune		Klimarekneskap 2021					
Energivare	Skildring	Forbruk	Eining	Faktor kg CO <sub>2</sub> / eining	Utslepp 2021	Utslepp 2020	Endring sidan førre år %
<b>Klimafokus 1 (Scope 1):</b>							
<i>Egne køyretøy og maskiner</i>							
Bensin	Egne kjøretøy/maskiner	2 595	liter	2,32	6 020	3 371	78,6 %
Bensin	Egne kjøretøy/maskiner	X	km	0,154	-	-	-
Diesel	Egne kjøretøy/maskiner	20 146	liter	2,66	53 588	47 117	13,7 %
Diesel	Egne kjøretøy/maskiner	X	km	0,111	-	-	-
Anleggsdiesel	Egne kjøretøy/maskiner	12 508	liter	2,7	33 772	48 138	-29,8 %
<i>Leasing køyretøy (totalt 23 stk.)</i>							
Diesel (20 stk.)	Drivstoff-forbruk	31 757	liter	2,66	84 474	67 934	24,3 %
Bensin (3 stk.)	Drivstoff-forbruk	1269	liter	2,32	2 944	1 102	167,2 %
<i>Vest-Telemark driftssenter (VTDS)</i>							
Diesel (3 stk.)	Drivstoff-forbruk	1 058	liter	2,66	2 814	3 445	-18,3 %
<i>Brann og beredskap</i>							
Bensin	Drivstoff-forbruk	37	liter	2,32	86	251	-65,7 %
Diesel (7 stk.)	Drivstoff-forbruk	2 524	liter	2,66	6 714	8 767	-23,4 %
<b>Sum Klimafokus 1:</b>					<b>190 412</b>	<b>180 124</b>	<b>5,7 %</b>

### Eigne bilar/maskiner og leasing bilar

Kommunen har både egne eigde bilar/maskinar og leasingbilar i kommunal drift. Per 2021 består maskinparken til Vinje kommune av; 9 eigde bilar; 8 bilar på TDI, 1 bil på næring, 4 traktorar, 1 vegskrape, 1 hjullastar, 1 lastebil, 1 snøskuter og 1 sopemaskin, 5 sitteklypperar, 1 flishuggar, 5 snøfresarar, 1 gravemaskin, 1 tinemaskin og 1 tilhengarlift, 1 lauvblåsar, 4 motorsager, 4 ryddesager og 5 småklypperar. Vidare er det 23 bilar som er leasa; 22 frå LeasePlan Norge; 1 bensin, 19 diesel og 2 hybrid (elektrisk og bensin) og 1 frå AutoLease; 1 diesel.

Forbruket av anleggsdiesel har hatt ein nedgang frå 2020 på omlag - 30 %. Diesel- og bensinforbruket har auka på egne bilar og for leasingbilane. Delar av 2021 var stengt ned grunna pandemien – men den kommunale drifta har framleis gjenge forholdsvis normalt.

Kommunen har ikkje oversikt over køyrde km i kommunal drift, dessa er difor ikkje teken med i klimarekneskapet.

### VTDS og Brann og beredskap

VTDS og Brann og beredskap er inkludert i klimarekneskapet for kommunen si drift på dei bilane som kommunen står som eigar av - og såleis vert utsleppet knytt til bruk av dessa ein del av kommunens klimafotavtrykk. Brann og beredskap har 3 brannbilar, 1 tankbil og 2 redningsbilar. Samla sett har det det vore nedgang på forbruket på for Brann og beredskap på omlag -66 % (bensin) og -24 % (diesel) og -18% for VTDS.

Det direkte utsleppet i kommunal drift (inkl. brann og beredskap og VTDS) i 2021 var på 190,4 tonn CO<sub>2</sub>, ein auke på 5,7 % frå 2020 – hovudsakleg frå egne og leasa køyretøy i kommunal drift.

## **Klimafokus 2**

*Omfattar indirekte utslepp, til dømes frå kaup av elektrisitet og fjernvarme.*

Fjernvarm/-kjøling brukast ikkje i kommunale bygg i Vinje kommune ref. teknisk drift og infrastruktur. Indirekte utslepp er generelt utfordrande å måle.

### **Utsnitt av tabell 1 - Klimafokus 2**

Vinje kommune		Klimarekneskap 2021					
		Faktor				Endring	
		kg	CO <sub>2</sub> /	Utslepp	Utslepp	sidan	
						førre	
<b>Klimafokus 2 (Scope 2):</b>							
<i>Innkjøpt energi</i>							
Elektrisitet	Samla	12 318 240	kWh	-	12 318 240	11 106 402	10,9 %
Elektrisitet	oppvarming/ljos						
Elektrisitet	Oppvarming/ljos bygg	12 109 001	kWh	0,017	205 853	185 318	11,1 %
Elektrisitet	Vegljos	209 237	kWh	0,017	3 557	3 491	1,9 %
Fjernvarme/-kjøling	Oppvarming bygg	-	-	-	-	-	-
<b>Sum Klimafokus 2:</b>					<b>209 410</b>	<b>188 809</b>	<b>10,9 %</b>

## Elektrisitet

I KOSTRA-rapporteringa for 2021 var energiforbruket på dei kommunale bygga 1163 kWh/m<sup>2</sup>. I følge teknisk drift og infrastruktur er det totale arealet omtrent 65 000 m<sup>2</sup>.

Det er ikkje direkte utslepp ved bruk av elektrisitet til oppvarming av bygg og ljøs, men me har valt å ha med faktor 17 g CO<sub>2</sub>/kWh for å fange opp utsleppa ved produksjon av elektrisitet. Faktoren er henta frå NVE sin rapport i 2019 for klimadeklarasjon for fysisk levert straum<sup>5</sup>. Det er omdiskutert kor stor denne faktoren eigentleg er - ein må ta med i berekninga heile livsløpet og om det føreligg avtale om opphavsgaranti på straumen<sup>6</sup>. Det er ein kompleks utrekning og fylkeskommunen held på med eit notat om temaet. Denne vil liggje til grunn for faktor på elektrisitet i klimarekneskapet for neste år. Me har difor valt denne gongen og både vise samla forbruk kWh 2020 og 2021, i tillegg til utrekna utslepp.

Energiforbruket er fordela på oppvarming av kommunale bygg, kommunale husstandar og gate/vegljøs.

Samla sett har det vore ei auke frå 2020 til 2021 på utslepp knytt til kjøpt energi til oppvarming og ljøs grunna høgare forbruk. Dette gjev eit utslepp på 209,4 tonn CO<sub>2</sub> i 2020 – ein auke på 10,9 % frå 2020.

## Klimafokus 3

Omfattar utslepp frå kollektivtransport og avfallshandtering, bygg og infrastruktur, forbruk av varar og tenestereiser, samt km-godtgjersle.

### Utsnitt av tabell 1 - Klimafokus 3

Vinje kommune		Klimarekneskap 2021					
Energivare	Skildring	Forbruk	Eining	Faktor kg CO <sub>2</sub> / eining	Utslepp 2021	Utslepp 2020	Endring sidan førre år %
<b>Klimafokus 3 (Scope 3):</b>							
<i>Avfall</i>							
Restavfall (Norsk gjenvinning og Renovest)	Næring	112 455	kg	0,57	64 099	38 150	68,0 %
<i>Drift av vegar (innleidd)</i>							
Brøyting og strøying	Drivstoff-forbruk	3 082	km	0,111	342	714	-52,1 %
<i>Tenestereiser v/reisemåte</i>							
Km-godtgjering bil	Drivstoff-forbruk	264 642	km	0,123	32 551	38 506	-15,5 %
Km-godtgjering elbil	Elektrisitetsforbruk	8 8 08	km	0	0	0	0 %
Flyreiser Noreg		2	antal	110	220	0	220 000 %*
Flyreiser Europa		7	antal	247	1 726	2219	-22,2 %
Flyreiser Verda		0	antal	991	0	0	0,0 %
<b>Sum Klimafokus 3</b>					<b>98 939</b>	<b>79 589</b>	<b>24,3 %</b>

<sup>5</sup> <https://www.nve.no/energiforsyning/kraftproduksjon/hvor-kommer-strommen-fra/?ref=mainmenu>

<sup>6</sup> <https://www.nve.no/energi/virkemidler/opprinnelsesgarantier-og-varedeklarasjon-for-stromleverandorer/?ref=mainmenu>



## Avfall

Det totale næringsavfallet for kommunal drift i 2021 var omlag 112 tonn med restavfall. Dette er over det dobbelte av avfallet i 2020, då det låg på omlag 67 tonn restavfall. Dette gjev eit samla utslepp på omlag 64,1 tonn CO<sub>2</sub> - ein auke på 68 % frå 2020.



## Drift av vegar (innleidd)

Me har valt å inkludere brøyte- og strøkontraktar i klimarekneskapet sidan det utgjer ein vesentleg del av kommunens utslepp knytt til drift og vedlikehald av kommunale vegar. For å rekne ut km på brøyting og strøyning vart det bruka samla km for alle rundane som vart ganga opp med registrerte turar. Vidare for parkeringsplassar og større areal vart det bruka gjennomsnittsbreidde på 5 m tilsvarende omtrentleg storleik på vegane, for å rekne om areal til km. Dette gav eit estimert anslag på totalt køyrde km i løpet av sesongen. I 2021 er det estimert 3082 km som gav eit utslepp på 0,03 tonn CO<sub>2</sub> - ein nedgang på -52 % frå 2020.

## Tenestereiser

Det har generelt vore lite tenestereiser ut av kommunen i 2020. Dette er ein klar effekt av pandemisituasjonen som har vart frå mars 2020 og vidare inn i 2021. Delar av året har prega av «heimkontor» og at kommunehuset har vore fysisk stengt i periodar. Administrasjonen har ikkje greidd å skilje på flyreiser Noreg, Europa og Verden for 2019 og 2020. Dette er viktig informasjon med tanke på rett utsleppsfaktor. Det var berre 1 stk. som var registrert via løn som vart plassera i riktig kategori, resten vart fanga opp av fakturaer. Me valte å bruke utsleppsfaktor «flyreiser Europa» for å ta eit gjennomsnitt i staden.

Kategoriane for flyreiser; Noreg, Europa og Verden må inkluderast på reiserekningane for å føre riktig utsleppsfaktor. Reiserekninga bør reviderast for å få med desse kategoriane. Vidare er det viktig å krysse av for el-bil om ein har køyrd el-bil i teneste på reiserekningane for å nytte utsleppsfaktor på tenestereiser med privatbilane. Det har vore ein klar auke på antal køyrde km på el-bil i tenesta.

Samla utslepp for klimafokus 3 var på 98,9 tonn CO<sub>2</sub> – ei auke på 24,3 % frå 2020. Dette er mest grunna auka mengde restavfall. Restavfall er og den mest kostbare fraksjonen å levere. Redusere mengde restavfall fører både til sparte kostnader, redusert utslepp og ei betring for miljøet.

## Areal/naturrekneskap

**Tabell 2.** Areal/naturrekneskap for vedtekne planar 2021, grovt estimat.

Planar	Type areal og daa	Utslepp tonn CO <sub>2</sub> -ekv.
Hovdeli del 4 - planID 20200009	Blandingsskog 40 daa	1302,5
Hyttemarki 95/2 - planID 20180005	Blandingsskog 17 m2	549,4
Øygarden 43/1 – planID 20200005	Barskog 18,1 daa	560,1
	Myr 5 daa	292,8
<b>SUM</b>		<b>2704,8</b>

Omdisponering av karbonrike areal (myr, skog og beitemark) førar til enorme CO<sub>2</sub>-utslepp og utgjer eit stor utslepp i kommunen. Kommunen har eit ansvar for å redusere nedbygginga av karbonrike areal i tråd med nasjonale retningslinjer og føringar. I 2021 vart det vedteke 3 reguleringsplanar – utslepp frå planlagde omdisponering av areal frå desse er på totalt 2704,8 tonn CO<sub>2</sub>. Det er over 5 gonger så mykje utslepp som for heile kommunens drift i 2021.

### **Diskusjon/oppsummering**

Det har vore krevjande å hente inn tal for klimarekneskapet i år også. Totalt hadde Vinje kommune eit CO<sub>2</sub>-utslepp på 498,7 tonn i 2021 – ein auke på 11,2 % frå 2020. Me ser tydeleg effekt av pandemisituasjonen i 2021 når det gjeld flyreiser, tenestereiser og liknande ut av kommunen - medan resten av drifta har gått forholdsvis normalt.

Atterhald om at mindre feil kan førekoma ved estimert utrekning og forskjellig praksis for rapportering av forbruk hjå dei ulike leverandørane. Viktig å presisere at mindre feil i rekneskapet på forbruk (kWh, liter, km, kg, mm.) ikkje påverkar det samla utsleppet av tonn CO<sub>2</sub> i noko stor grad.

Det må leggjast til at omdisponering av areal knytt til arealplanlegging ikkje inkludert i sjølve klimarekneskapet, men omtala som eige tema. Merk at dette berre synleggjer det som er planlagt omdisponer og ikkje faktisk gjennomført omdisponering. Det er ikkje høve til å ta ut statistikk på faktisk gjennomført omdisponering per no. Fylkeskommunen undersøker om det kan vere aktuelt å inkludere naturrekneskap under «klimafokus 4» som gjeng på utslepp knytt til endra arealbruk. Det er viktig å synleggjere klimaeffektane av vedtekte planar og koble dette opp til arbeidet med å nå det regionale klimamålet med 60 % reduksjon av CO<sub>2</sub>-utslepp innan 2030. Restaurering og tilbakeføring av «øydelagt» natur vil føre til karbonfangst og kan vere ein del av løysinga for å nå klimamålet – samstundes vil dette spele positivt inn i klimarekneskapet for kommunen.

### Korleis kan kommunen betre seg?

Årets klimarekneskap er eit bra utgangspunkt for sjå effekten av klimatiltak som setjast i gang i kommunen for å nå det regionale klimamålet. Det har vore ei auke i utsleppet for kommunens drift i 2021. Dette tyder på at det er heilt naudsynt å raskt seta i verk klimatiltak, samt følgje dei opp for å redusere det samla klimafotavtrykket til kommunen. Spesielt utslepp knytt til restavfall og fossile køyretøy er områder kommunen kan betre.

Vidare er det naudsynt med god miljøleiing. For å oppnå dette må ein ha oversikt over forbruket i kommunens drift. Dette er naudsynt for å vita kor det er behov for tiltak for redusere både kostnader og utslepp der det er mogleg.

Ved å bli ein miljøfyrtårnkommune oppnår ein denne type miljøleiing. Miljøfyrtårn er eit nasjonalt miljøleiingssystem for å vise samfunnsansvar og miljøinnsats (berekraft). Det er eit digitalt verktøy for private og kommunale verksemder som bidreg til å finne fram til miljø- og klimatiltak som er konkrete, målbare og lønsame. Administrasjonen held på å sertifisere kommunen som miljøfyrtårn, og vil då føre årleg klima- og miljørapport for dei ulike tenestemråda. Denne rapporten resulterer i eit klimarekneskap som er godkjent etter GHG-

protokollen. Alle tenesteområda får ut klimarekneskap for sin eining - i tillegg vil kommunen som hovudkontor (administrasjonen) få ut eit samla klimarekneskap, klimafotavtrykk og miljøoversikt for heile kommunen si drift.

Vidare må kommunen framleis krevje å få tilsendt årsrapport og oversikt over energiforbruket, forbruk av drivstoff, køyrde km, avfallsmengder mm. frå leverandørane raskt etter at året er omme. Denne informasjonen er heilt essensiell for å oppnå god miljøleiing. Vidare er det naudsynt å få på plass gode rutinar for å rapportering direkte inn til klimarekneskapet på energiforbruk, avfall og transport hjå dei forskjellige tenesteområda. Det ser ut til å vere naudsynt med revidering av reiserekningar i høve til fordele utsleppet frå ulike bilar, samt flyreiser Noreg, Europa og utlandet – desse har tydelege skilnadar på CO<sub>2</sub>-faktor.

Energibruk og avfall er fordela på formålsbygg og såleis aukar dette kvaliteten på klimarekneskapet og gjere det enklare for å vita kor ein bør seta i verk tiltak for å redusere både kostandar og utslepp. Tiltak innanfor desse formålsområda vert ivareteke med arbeidet med å sertifisere kommunen som miljøfyrtårn.

#### Kva kan kommunen gjere for å nå målet med 60 % reduksjon av CO<sub>2</sub>-utslepp innan 2030?

- God miljøleiing og Miljøfyrtårnsertifisering.
- Kjeldesortering på alle tenesteområda og bygg vil redusere både kostnadar, utslepp og betre miljøet.
- Følgje opp «opphavsgarantiordninga» i tråd med *Plan for klima og berekraft*.
- Følgje opp ladestrategien ved utbyting av kommunale bilar.
- Arbeide med ladeinfrastruktur i kommunen.
- Føre natur-/arealrekneskap som kommenterast i klimarekneskapet.
- Unngå omdisponering av karbonrike areal som myr, våtmark, skog o.l.
- Setje krav til klimarapportering i kommunale bygge- og anleggsprosjekt (drivstoffforbruk, køyrde km, energibruk mm.).
- Setje klimakrav, miljøkrav og energikrav i nye anbudsprosessar og kontraktinngåing der det er mogleg.
- Setje miljø- og energikrav ved rehabilitering av bygg.
- Alle kommunale bygg skal byggjast i tre eller materialar med låg klimafotavtrykk.
- Alle nye kommunale bygg skal vere energimerka og energieffektive.
- Bruk av energikjelde med lågt klimafotavtrykk skal vurderast i alle kommunale byggeprosjekt.
- Følgje opp klimasatsmidlar og andre stønadsordningar for klimatiltak i kommunen.
- Følgje opp prosjekt med hydrogenfyllestasjonar i Vest-Telemark for å redusere utslepp frå tungtrafikken langs E134.
- Arbeide med naturrestaurering i kommunen.